


# VERDAS VÅTMARKER

Mange av verdas våtmarker er populære turistmål og gir arbeid og inntekter for lokalbefolkninga. Å kombinere fornuftig bruk med vern av våtmarkene sine økologiske funksjonar, er eit viktig mål i Ramsar-konvensjonen.



Doñana er eit stort elvedelta omgitt av jordbruksletter. FOTO: BOB LANGRISH



Dåhørt. FOTO: BOB LANGRISH

Skyttelap. FOTO: BOB LANGRISH

## Doñana, Spania

Nasjonalpark oppretta i 1969 ved utlaupet av elva Guadalquivir på sør-vestkysten av Spania. Deltaområdet på 507 km<sup>2</sup> er ein særst viktig overvintringsstad for ender, gjess og andre vassfuglar. Området er truga av forureiningar frå gruvedrift lenger oppe i elva.



Verdas største innlandsdelta som munner ut i Kalahari-ørkenen. FOTO: BOB LANGRISH



Sjiraff. FOTO: BOB LANGRISH


Afrikasjöstork. FOTO: BOB LANGRISH

## Okavango, Botswana

Okavango i Botswana er verdas største innlandsdelta med eit særst rikt dyre- og planteliv. Her fins mesten 150 pattedyrartar, over 150 krypdyrartar og meir enn 500 fugleartar. I viltreservata kan ein mellom anna sjå løver, elefantar, flodhestar, sjiraffar og nilkrokodillar.



Opptil 12-13 000 traner kan opphalde seg ved innsjøen der dei et korn som blir spredd utover om våren. FOTO: BOB LANGRISH



Trane. FOTO: BOB LANGRISH

## Hornborgasjön, Sverige

Ein av Europas viktigaste våtmarker, særleg kjent for tusenvis av traner som raster her om våren på veg til hekkeområda. Eit 50-tals våtmarksartar hekker i og ved den grunne innsjøen. Dette naturreservatet ligg 15 mil nord-aust for Göteborg, og omfattar innsjø og strandenger på i alt 40 km<sup>2</sup>.



Laguna Colorado er nominert i kåringa av verdas sju vakreste naturområde. FOTO: BOB LANGRISH



Kameldyr i Vicuña. FOTO: BOB LANGRISH

Punaflamingo. FOTO: BOB LANGRISH

## Laguna Colorada, Bolivia

I mer enn 4000 meters høgde over havet i fjella mot Chile ligg den "raude laguna". Den mineralrike og grunne saltvasssjøen er raudfarga av alger og plankton. I det elles golve landskapet lever mellom andre den sjeldne og truga punaflamingoen.

### Visste du at...

... 1889 våtmarker over heile verda har Ramsar-status? Det samla vernearealet er meir enn fire gonger Danmarks storleik. ... det fins 15 ulike artar av trane i verda? Tranene som raster ved Hornborgasjön overvintrer i Spania og hekker i Skandinavia.

